

Fråsegn om lovframlegg for ny stadnamnlov (Høyringsnotat Kulturdepartementet 27/5 2014)
frå **Valdres Historielag og Valdres Bygdebok**, årsmøte 14. juni 2014.

Høyringsnotatet er klårt og greitt, og får fram ulike syn om rettsvern for stadnamn.

Useinja er konsentrert om to spørsmål; vern av nedervde bruksnamn, og bruk av rettskriving kontra målføre.

Nedervde namn er samfunnseige, ikkje eigedom for skiftande grunneigarar. Namnet er nytta i bygd og samfunn, ikkje berre innafor gjerdet til grunneigaren. Eit nedervd namn må difor ha like mykje krav på vern som materielle kulturminne. Fornminne frå før reformasjonen er verna i lov, og bygningar er verna når dei er eldre enn år 1650. Om eit nedervd namn påvisleg er eldre enn dette, bør det difor vera offentleg eigedom og ikkje noko grunneigaren kan endre på.

Om fire grannar får høve til kvar for seg å nytte skriftformer som Vik, Viig, Wig og Wiigh, ber det heilt rangt av stad, og me innfører namnekaos.

Me vonar Stortinget vil sjå på lov om stadnamn både ut frå det våre næraste slektningar historisk – islendingane – gjer, og ut frå det UNESCO tilrår i konvensjonen Noreg har slutta seg til (side 9 og 10 i høyringsnotatet).

Målføret er einaste fornuftige grunnlag for skriftformer, slik det òg dels er praktisert når målføre no er godkjende også til offentleg bruk, til dømes i radio og fjernsyn. Som lovframlegget klårt og rett seier, er ikkje skrivemåten det «eigentlege» namnet, men tvert om sekundært. Formulering om «gjeldande rettskrivingsprinsipp» (framlegg i ny § 4) står klårt i strid med «nedervd lokal uttale», og må formulerast om, slik at skriftform ut frå nedervd uttale, bruk av vanlege skrifteikn, og vurdering av opphav, blir norm, ikkje gjeldande rettskriving i skiftande tider.

Kart og vegskilt er no for mange måten å lære namn på. Då må skriftform der bli slik at namnet blir uttala etter nedervd lokal uttale, ikkje ut frå normalisering/rettskriving. Når jamvel eldre øystreslidringar no pratar om *Moane* for det nedervde *Moadn* (eller dativ *Moo*), fortel det kor uheldig såkalla normalisering blir. Tilsvarande har skriftformer som Rogne og Fodnes ført til endra uttale frå det historiske og nedervde Røgne og Fødnes.

I eit område der dativ framleis er i levande bruk, fortel namn som Hauge (med tostavings tonelag), Revulen (ei urd), Veltun (ei velte) og fleirtalsnamn som Bergo, Beito, Bjørgo og Haugo at namn må skrivast ut frå målføret. I Valdres er øydelegging av målføreformer og då bygdeuttale serleg tydeleg ved:

a dei nemnde ø-lydane (Fødnes, Strønd og Strøndafjorden m.fl.).

b fleirtal av substantiv: Elvidn. Bergatn (på kartet Bergan), Slettudn. Vokalklangen i-a-u er serleg viktig i vokalrike språk (som valdresmål, svensk, italiensk). Ei kartform som Skålin fortel ikkje om det gjeld ein skåle (uthus) eller fleirtal av ei skål (Skålidn om skålforma vatn).

c linne han kjønnsord: Bakkin, Brøtin (frå norrønt Brotin, på tvers av skriftform Bråten). Statens kartverk har nokre range former som Rundemellen (-mellin) i strid med Leirin, Syndin osv. Dette er dels fleire tusen år gamle namn (Bygdin, Tyin, Gjendin), som sjølv sagt må vernast utan omsyn til rettskrivingsprinsipp.

Meir målføreformer er einaste vegen å gå for å oppfylle sjølv målsetjinga med lova; å sikre «at gamle stadnamn blir vidareførte med utgangspunkt i nedervd lokal uttale».

